

## Fridom og 17. mai 1945.

Nedtyngd og trelka var Noreg  
det sagnomsuste år.  
der landet vårt midt gjennom trengsla  
fram mot sin fridom går.

Snøtung og sein var våren,  
med bunød og mykje slit.  
Fiskaren letta på åren  
og streva med garnet sitt.

Krigstid og därlege tider,  
mange gjekk reint falitt  
Napoleonskrigane lider mot  
slutt, og vårt land blir fritt.

Kielerfreden var ikkje gaman.  
Vårt land blei gitt bort på ny,  
men då kom nordmenn saman  
både frå bygd og by»

Dei skulle til Eidsvoll stemne.  
Der skulle dei talast ved.  
Av saker kan ein nemne:  
Grunnlov, konge og fred.

Vi minnes dei trauste menn,  
som voks på vår folkegrein  
Vi nemne han Theis og han Sverdrup,  
Falsen og Jonas Rein

Vel var det fattige tider,  
men sinnet var stort og rikt.  
Det maner som tidene lider,  
oss nordmenn til truskap og plikt

17. mai blei grunnlova vedtatt,  
og kongen endeleg valt.  
I kyrkjene blei det kunngjort  
at landets kårne har talt.

Dei såg fram med mot og mannskap  
til vern om noregs vell,  
og difor lova dei truskap  
like til Dovre fell.

Fridomen vår blei trygda.  
Utviklinga gjekk sin gang,  
og kvart år i byen og bygda  
feirast dagen med tog og sang.

Det blei fred mellom landa.  
Kvar mann gjekk trygt til sitt,  
og tenkte nok ikkje på anna ,  
enn at Noreg var mitt og ditt.

Såleis i fred gjekk mange år,  
eit hundre og tjue seks,  
og ein kunne sjå av folkets kår  
at kunnskap og rikdom veks.

Framgang, ein tekte ikkje på anna,  
heilt fram til nitten før.  
Då spurdest det sør i landa  
at det tok til å brenne i glør.

Vi minnest nok alle ei kvelding  
mot stormfull og kovtjukk natt.  
Då kom det brått ei melding  
om herskip i Kattegatt

Så vakna vi opp med kanning  
og kunnskap om krigens gru,  
og alle skjøna i sanning:  
Det gjeld å verje seg nu.

Norske gutar kom saman  
frå fjord, frå dal og frå sund,  
ikkje til leik og gaman,  
men kamp til siste stund.

Hardt og seigt tok dei fatt,  
men det var ein ulik kamp.  
Tilsist blei landet vårt hertatt  
av grønnkledd nasist ramp.

Tyngst var kanhende dagen  
da vi den meldinga fekk,  
at all vår motstand var slagen  
og Kongen i utlegd gjekk.

Då blei her mørke tider  
med gestapistar på lur,  
og mang ein jøssing lider  
så fælsleg i fangebur.

Men då det såg som verst ut,  
då kom Amerika inn.  
Då skjøna kvar einaste norske gut.  
No ber det mot fridomen min.  
Den tyske krigsmakt blei  
jaga frå eine slagmark til hi,  
og så kom etter dagar  
vi kunne kjenne oss fri.

Hugsar du den glederusen  
som kvar mann i landet fekk?  
Det var som ein fengjande skogsus  
som inn i kvart hjarta gjekk

Krigen og okkupasjonen  
har lært oss kva fridom er  
og difor er fedrelandstonen  
og syttende mai oss kjær

Leiknes i mai 1945.

Kåre Leiknes, sen.